



Digitale verktøy og læringsbrett ved skulane i Klepp kommune

Læreplanen K2020 stadfestar at «Å kunne bruke digitale verktøy» er ein grunnleggande kunnskap, på lik linje med lesing, rekning, skriving og det å uttrykke seg munnleg.

For å oppfylle læreplanen K2020 har Klepp kommune kjøpt iPad («læringsbrett») til alle elevane. Læringsbrettet er elevane sitt arbeidsverktøy i undervisninga. Læringsbretta legg til rette for differensiering og ulike måtar å lære på. Elevane vil også lære om og utvikla digital dømmekraft og sunne strategiar for nettbuk.



Kvar elev får ein FEIDE-brukar (Felles Elektronisk IDEntitet) med eige brukarnamn og passord. FEIDE sikrar også personvernet til enkelteleven som gjer det tryggare å bruke internett i skulekvardagen (<https://www.feide.no/>)

Undervisninga vil blant anna legge vekt på nettvett, utvikling av digital dømmekraft, opphavsrett, personvern og kjeldekritikk mm. Klepp kommune oppmodar elevane og føresette å sjå på desse ressursane:



Datatilsynet

<https://www.datatilsynet.no/>



<https://slettmeg.no/>



bestemmer.no


<http://www.dubestemmer.no/>



<http://delrett.no/>

Klepp kommune minner om at «Forskrift til ordensreglement for skulane i Klepp» og «IKT reglement gjeldande for grunnskulen i Klepp kommune» gjeld tilsvarande.

For å sikra at informasjonen som gjeld handtering av læringsbrett i Klepp kommune er motteken og lese, skal siste del av dette dokumentet signerast og leverast til skulen.



Med blick for alle



Handtering av læringsbrett i Klepp kommune

Læringsbrettet er Klepp kommune sin eigedom. Eleven må ta godt vare på det og behandla det på ein forsvarleg måte, på lik linje med anna materiell eleven får utdelt av skulen.

Læringsbrettet skal alltid oppbevarast forsvarleg på veg til og frå skulen og elles når det ikkje er i bruk. Ein må sikre at læringsbrettet ikkje blir utsett for vatn og ligg stabilt i sekken.

Eleven skal sørge for at læringsbrettet er lada opp og oppdatert når dei kjem til skulen.

Læringsbrettet og ladar skal merkast med brukarnamnet til eleven. Dette må ikkje fjernast.

Eleven får Apple-ID frå kommunen og det er berre den som skal nyttast.

Eleven skal ikkje laste inn spel og appar på læringsbrettet utan avtale med skulen.

Eleven har ikkje høve til å slette søkeloggen på nettlesaren knytt til læringsbrettet.

Eleven skal ikkje oppbevare bilete av andre på læringsbrettet utan lov.

Eleven pliktar å bruke godt nettvett når han/ho bruker læringsbrettet/kommunen sitt IKT utstyr.

Det er viktig å ha gode rutinar for brukarnamn og passord. Brukarnamn og passord skal vere hemmelege og kun brukast av den aktuelle eleven.

Dersom ein sluttar på skulen og/eller flyttar til ein annan kommune, skal læringsbrettet og tilhøyrande utstyr leverast inn til skulen reingjort og heilt.

Skadd læringsbrett skal leverast til skulen for reparasjon.

All bruk av Klepp kommune sitt IKT utstyr/læringbrett skal vere i samsvar med norsk lov (Datatilsynet sine reglar). Lovbrudd kan bli politianmeldt. Misbruk av IKT utstyr/læringbrett kan føre til sanksjonar i samsvar med Klepp kommune sitt ordensreglement.

Elevar og føresette sitt erstatningsansvar er regulert i «Lov om skadeerstatning» § 1-1 og § 1-2 og Klepp kommune sitt ordensreglement.

«Forskrift til ordensreglement for skulane i Klepp» og «IKT reglement gjeldande for grunnskulen i Klepp kommune» gjeld også for handtering av læringsbrettet.

Me har lese og aksepterer innhaldet i dette dokumentet.

Dato: _____

Signatur elev:

Signatur føresett:

Fødselsdato elev: _____

Signer og returner dokumentet til skulen.